

Arkivsak-dok. 19/00254-9
Saksbehandler Silje Annett Myrvang

Saksgang	Møtedato
Time kontrollutval	
Time kontrollutval	12.09.2022

BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2023

Forslag til vedtak/innstilling:

Kontrollutvalet i Time går inn for eit samla budsjettforslag for kontroll og tilsyn 2023 på kr. 1 739 800 ekskl. mva

Kontrollutvalet sitt budsjettforslag skal følgje formannskapet si behandling/innstilling og sak til kommunestyret vedrørende budsjett 2023.

Vedlegg:

Budsjettforslag 2023

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide forslag til budsjett til kontroll og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagd kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak i medhald av føreskrift, leggjast fram for kommunestyret i samanheng med kommunestyret si behandling av kommunen sitt samla budsjett for 2023.

Budsjettet skal omfatte alle utgifter som er knytt til kontrollutvalet sitt arbeid. Kontrollutvalet vert derfor å sjå på ei eiga avdeling med budsjettansvar for eige budsjett. Det inneber og ansvar for rekneskap og oppfølging av rekneskapen gjennom året.

Saksframstilling:

Kontrollutvalet skal iht. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2 utarbeide eit forslag til budsjett for si verksemd. Budsjettforslag er delt i tre hovudgrupper; kontrollutvalet sine egne utgifter, samt utgifter til kjøp av sekretariatstenester (administrasjon) og revisjonstenester. Budsjettforslaget frå kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret. Årsaka til at kontrollutvalet sitt budsjett er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om eit organ som kontrollutvalet har tilsyn med, som til dømes formannskapet eller administrasjonen, får innverknad på tilsynsorganet si budsjetttramme. Formannskapet kan likevel, i sitt samla budsjett føreslå eit endra beløp i høve til det kontrollutvalet føreslår.

Kontrollutvalet sitt budsjettforslag skal likevel uendra følgje det samla budsjettforslaget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjettbehandlinga har informasjon om både kontrollutvalet sitt forslag og formannskapet si innstilling til budsjett, jfr. føreskrifta § 2. Når det gjelder betaling for tenester som vert kjøpt av selskap/samarbeid, vert budsjettet her fastsett av representantskapet og styret, og kan berre endrast av desse.

Kontrollutvalet sine utgifter

Kontrollutvalet sine utgifter består av møtegodtgjersle til medlemmene i kontrollutvalet sine, utgifter til køyring/transport, kurs mm. Utvalet sitt medlemskap i FKT (Forum for kontroll og tilsyn) høyrer også med så lenge dei vel å stå som medlem.

Utgifter til administrasjon:

Time kommune deltar i det interkommunale § 27 –samarbeidet Rogaland kontrollutvalssekretariat, som leverer administrasjonstenester til kontrollutvalet. Dette samarbeidet må i løpet av det neste året gjerast om til eit interkommunalt oppgåvefelleskap i medhald av ny kommunelov. Sekretariatet sitt budsjett med fordeling av grunnbeløp til kommunane vart behandla av styret. Budsjettet i eit § 27 – samarbeid som er eige rettssubjekt, vert fastsett av styret i samarbeidet og følger elles dei same reglane som for interkommunale selskap, sjå ovanfor. Grunnbeløpet for sekretariatstenester for 2023 er auka til kr. 210 000,-, hovudsakeleg grunna auka utgifter til lønn og andre utgifter. Aukinga på kr. 10000,- er lik for omtrent alle

medlemskommunane. Sekretariatet vert drive etter sjølvkostprinsippet som fram til no enten har ført til tilbakebetaling av overskot eller at opphøveleg budsjett har vore tilstrekkeleg.

Revisors budsjettforslag:

Time kommune kjøper revisjonstenester KPMG og har gjort det sidan 31.08.2020. Revisor sitt budsjett omfattar i grove trekk utgifter til vanlig rekneskapsrevisjon, attestasjonar og forvaltningsrevisjon i tråd med planar vedtatt av kommunestyret, samt oppmøte i kontrollutvalet.

Merknad:

Det vil bli foretatt en budsjettjustering.